

## Vedlegg 4d

### **Statsbudsjettet 2012 - Spesielt om rapportering om transportstøtte (gjeld berre i utvalte fylke)**

Fylkeskommunane skal rapportere innan 11. mai 2012 om midla til transportstøtte som grunnlag for departementet si rapportering vidare til ESA. I følje brev av 30. april 2007 til utvalde fylke, skal departementet ha rapport på alle middel som vert brukt under ordninga med regional transportstøtte. Dette gjelder midla over kap. 551, postane 60 og 61 og eigne fylkeskommunale middel. Dette gjelder ikkje transportstøtteordningar som ikkje er omfatta av EØS-avtalen, til dømes innan landbruk og fiskeri.

Sjå vedlegg 4b for statistikkrapportering om transportstøtte.

Fylkeskommunane må i eigen skriftleg rapport synleggjere at ordninga er praktisert innanfor dei nasjonale retningslinene. Fylkeskommunane må særleg synleggjere at transportstøtta til einskildverksemder ikkje er større enn maksimalt stønadsnivå i desse retningslinjene. Dei skriftlege rapportane skal omfatte all transportstønad, også den som Innovasjon Noreg eller andre operatørar forvaltar.